



Lindås Tomteselskap AS  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2180 - 19/24160

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
22.08.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 108/604 Lindås

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 108/604  
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om frådelling den 29.07.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknader:

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen Kolås II. I denne planen er det omsøkte området avsett til leik/friområde og parkeringsareal. Oppretting av ny grunneigedom med føremål bustad/utbygging vil ikkje vera i samsvar med reguleringsplanen og vil krevja at planen vert endra.


Utsnitt frå reguleringsplanen




Ortofoto 2018



Situasjonsplan



Frådelinga kan derimot skje i samsvar med plan. Den nye grunneigedomen vil då bestå av 2 teigar som følgjer arealføremålet slik det går fram av reguleringsplanen. Teig B og C og vegarealet som er vist mellom vil utgjera ein samanhengande teig.



### Signatur

Det må leggjast fram firmaattest som viser kven som har signaturrett.

Kommunen ber om at tilbakemelding på om søknaden skal handsamast i samsvar med reguleringsplanen og at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan **15.09.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ